

Botnane og Årebrot grendalag

---

<b>Dato</b>	24.09.2024
<b>Vår referanse</b>	2024/54145-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Susanne Stølheim Aasen
<b>E-post</b>	Susanne.Stolheim.Aasen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	97004331

## Tilbakemelding - Endra namn Villevika kai og skilt i Myklebustkrysset - Bremanger og Kinn kommune

Viser til motteken sak 18.09.2024

### Saka gjeld

Botnane og Årebrot Grendalag ynskjer at Kinn kommune skiftar namn på Villevika kai til Årebrot kai i Kinn kommune. I samband med eit eventuelt namnebyte ynskjer grendalaget at fylkeskommunen set opp skilt til Årebrot kai i krysset mellom fv.614 og fv.5711, Myklebustkrysset i Bremanger kommune.

Det vert vist til at det tidlegare er gjeve avslag på oppsetting av skilt som syner til Årebrot i nemnde kryss på bakgrunn av at det allereie er vegvisningsskilt i nemnde kryss.

### Tilbakemelding

Vestland fylkeskommune ved avdeling for Infrastruktur og veg vurderer søknadar knytt til skilt på fylkesveg. Vurderinga skjer i tråd med Statens vegvesen si handbok N300 «Trafikkskilt». Dersom fylkeskommunen finn at det er grunnlag for oppsetting eller endring i skilting langs fylkesveg vert saka oversendt til Statens vegvesen for vedtak. Det er Statens vegvesen som er vedtaksmynde for offentlig trafikkskilt, også på fylkesveg.

Offentleg trafikkskilt skal nytte det vedtekne namnet og skrivemåten på skilt langs fylkesveg. Før namnesaka er avgjort hjå Kinn kommune ynskjer me ikkje å gå vidare med skiltsøknaden då den ikkje kan ferdigstillast før namnesaka er avgjort.

Me ber om at de kjem attende til oss så snart namnesaka er avgjort.

Med helsing  
Kathrine Njåstad Blaaflat  
for

**Ann Kristin Nes**  
seksjonsleiar  
INV - Vegforvaltning Vestland

**Susanne Stølheim Aasen**  
Overingeniør  
INV - Vegforvaltning Vestland

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

KINN KOMMUNE

Postboks 294

6701

MÅLØY

BREMANGER KOMMUNE

Postboks 104

6721

SVELGEN